



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

Vurderingsrapport.



Gjernes skule

8. – 11. mars 2004.



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

1 Føreord

Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt : "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse", og innstilling av 15. juni 2003.

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylla kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

Kven er vurderarar ?

9 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdere dei 48 grunnskulane i regionen i løpet av 6 år, dvs. 8 skular per år. 2 frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane ?

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert. Det er ynskjeleg at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

2 FAKTA OM SKULEN

Gjernes skule er ein 4-delt skule med 79 elevar. Skulen har eigen SFO med totalt 31 barn, men snitt på 19 kvar dag. Det er 9 lærarar og 4 assistentar, og ein førskolelærar knytt til SFO. Skulen ligg vakkert til på sørsida av Voss sentrum.

3 VURDERINGSTEMA

Gjernes skule har bede om vurdering på følgjande tema :

“Utbytte / nytte av lekse-/ arbeidsplanar”

Vurderingsparet meinte området var noko snevert. Kriteria vart difor utvida slik at vurderinga, i tillegg til valde tema, skulle omfatta noko om områda skule- og heimsamarbeidet, trivselen på skulen og tilpassa opplæring.

4 KRITERIUM/KVALITETSKRAV

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.

Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram. Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av skulen.



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgrupper*

"Utbytte / nytte av lekse / arbeidsplanar".

KRITERIUM	TEIKN PÅ GOD PRAKSIS
Det er god trivsel på Gjernes skule	<ul style="list-style-type: none">- elevane er positive til å læra- elevane opplever arbeidsro- elevane får god hjelp på skulen- elevane har det kjekt og er trygge på skulen
Elevane er aktive i læringsprosessen	<ul style="list-style-type: none">- læringsmåla er tydelege på planen- arbeidsplanane legg opp til varierte arbeidsmåtar- eleven vurderer seg sjølv og arbeidet sitt- lærarane samarbeider om innhaldet i arbeidsplanane
Skulen nyttar varierte arbeidsmåtar for å nå læringsmåla.	<ul style="list-style-type: none">- elevane har innverknad på val av arbeidsmåtar- skulen nyttar tema- og prosjektarbeid- elevane får tilbakemelding på arbeidet sitt- skulen nyttar varierte oppgåver på arbeidsplanane- skulen nyttar varierte metodar i undervisninga- skulen nyttar elevsamtalar
Skulen driv tilpassa opplæring	<ul style="list-style-type: none">- alle elevar får faglege utfordringar- elevar med spesielle behov, får det tilbodet dei har krav på- lærarane har god tid til å følgja opp kvar elev
Det er godt samarbeid mellom heim og skule	<ul style="list-style-type: none">- foreldra får god og tilstrekkeleg informasjon frå skulen- skulen får nok informasjon frå heimen- foreldra kan følgja med på elevane sitt arbeid- arbeidsplanane er eit nyttig reidskap til kontakt heim/skule- foreldra opplever foreldremøta som nyttige- det er lett for foreldra å ta kontakt med skulen



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

5 DELTAKARAR I VURDERINGA

- Interne : Dei tilsette og elevane på skulen, klassekontaktane og FAU
- Eksterne : 2 vurderarar frå vurderingsgruppa i Hardanger/Voss
Ein hospitant frå kursregionen midt – Hordaland.

Grunngjeving for val av informantar:

I vurderingsarbeidet er det svært viktig å involvera dei partane det gjeld. I ei vurdering av skulen sitt pedagogiske arbeid, er det naturleg å involvera alle elevane og lærarane. Samstundes er det viktig å høyra korleis foreldra opplever skulen sitt arbeid. Det kunne vore ynskjeleg å få informasjon frå mange av foreldra også. Det hadde ikkje vurderarane tid til. Difor vart FAU og klassekontaktane valde ut som representantar for alle foreldra.

Det var vurderarane, og ikkje skulen, som gjorde dei aktuelle vala om kven som skulle vera informantar.



Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

6 TIDSBRUK

Det er avsett 1 veke til å vurdere ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsparet på skulen i inntil 3 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar. Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.

TID	TILTAK	ANSVAR
Veke 3 og 4	Skulen melder inn vurderingstema Skulen sender div. informasjon til vurderingsgruppa	Skulen
Veke 8	Vurderarane har sitt fyrste møte med skulen.	Begge partar
Veke 8	Kriterium og teikn på god praksis vert presentert for skulen. Evt endringsframlegg må vurderarane ha før vinterferien. Vurderarane lagar spørjeskjema til elevar og tilsette for å skaffa seg kunnskapsgrunnlag. Skulen gjev aksept, evt. endringsframlegg til skjema i løpet av veka. Om mogleg gjennomfører skulen spørjeskjema i slutten av veka, og sender dei til vurderarane.	Vurderarane Skulen
Veke 9	Vinterferie	
Veke 9 og 10	Oppsummering av spørjeskjema – konkludering	Vurderarane
Veke 10	Utarbeiding av samtaleguidar og observasjonsskjema. Vurderingsparet sender skulen sine endelege ynskje i høve observasjon og samtalar. Skulen planlegg den praktiske tilrettelegginga.	Vurderarane Skulen
Veke 11	Info-innhenting: - observasjon - samtalar og møte Vurdering : - analyse og oppsummering Framlegging : -rapporten vert lagt fram for personalet for kommentarar og evt. justeringar	Vurderarane
Veke 12/13	Endeleg rapport og vurderingsdokument vert sendt skulen. Rapport vert sendt Voss kommune v/skulesjefen	Vurderarane
Innan veke 15	Skulen vert beden om å gje ei evaluering av vurderingsopplegget, på fastsett skjema	Skulen
April/mai	På rektormøte deler rektor sine erfaringar m.m. med dei andre	Kommunen/

	skulane i kommunen. Rapport og spørjeskjema vert lagt ut på regionen si nettside.	regionen
--	---	----------



Hardanger / Voss kompetanseregion ***Vurderingsgruppa***

7 METODAR

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema, krysskjema, individuelle- og gruppesamtalar, møte og observasjon.

I denne vurderinga er følgjande metodar nytta:

Dokumentanalyse

Skulen sende vurderarane diverse relevante dokument, til dømes verksemdsplan, generell informasjon om arbeidsplanar, vekeplanar og døme på vurderingsark.

Spørjeskjema

I forkant av skulebesøket sende vurderingsparet ut eit spørjeskjema om til alle elevane og alle tilsette. Alle fylte ut skjema som vart returnerte til vurderarane for oppsummering.

Oppsummering av spørjeskjema

Oppsummeringa gav overflatekunnskap om trivsel og motivasjon, arbeidsplanar, tilpassa opplæring, skule- og heimsamarbeidet og noko om læringsprosessar på skulen.

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde kriterium og teikn på god praksis med utgangspunkt i L-97 og skulen sine planar.

Verktøy for vidare informasjonsinnhenting

For å kunna gjera djupdykk i temaet, laga vurderingsparet samtaleguidar for samtalar med dei tilsette, elevane og foreldra.
Observasjon i klassane.

Vurdering

Vurderarane føretok ei vurdering, ved å spegla utsegnene frå tilsette, elevar og klassekontaktar mot utarbeidde kriterium og teikn på god praksis.
Utifrå vurderinga vart det trekt ein konklusjon.



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

**8 SKULEN SINE STERKE SIDER INNAN
VURDERINGSOMRÅDET**

- *Elevane trivst godt på skulen.*
- *Gode lærarar som motiverer elevane til å læra.*
- *Alle gjennomfører elevsamtalar.*
- *Elevane får munnlege og/eller skriftlege tilbakemeldingar på arbeidet sitt*
- *Bevisst satsing på uteskule.*
- *Heimen er godt nøgd med samarbeidet med skulen.*
- *Fin atmosfære og god arbeidsro i klassane.*
- *Skulen har mange ulike aktivitetar kor heile skulen er med*
- *Skulen nyttar varierte arbeidsmåtar*

Elles:

- *Imøtekomande rektor*
- *Positive og reflekterte lærarar med god og variert kompetanse*
- *Vurderarane har møtt tillitsfulle og opne elevar*
- *Lærarane gjev uttrykk for godt samarbeid seg i mellom*
- *Innbydande uteområde*

**9 SKULEN SINE UTVIKLINGSOMRÅDE INNAN
VURDERINGSOMRÅDET**

- *Skulen må vidareutvikla arbeidsplanane sine, og ta elevane meir aktivt med i læringsprosessen*
- *Skulen må arbeida meir systematisk med metoden prosjektarbeid*
- *Skulen kan arbeida meir med å oppfylle kravet om at alle elevar skal ha tilpassa opplæring.*

- **Avklare skulen sine forventningar til heimen**



Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

10 UTDJUPING AV UTVIKLINGSOMRÅDA

- **Skulen må vidareutvikla arbeidsplanane sine, og ta elevane meir aktivt med i læringsprosessen.**

Arbeidsplanar inneber at ein gjev elevane meir ansvar, medbestemming og trening i sjølvstendig arbeid. Dette samsvarer godt med dei krav L97 stiller til eit godt læringsmiljø.

Ulike læringsmål fordrar ulike oppgåvetypar og arbeidsmåtar. Dette speglar planane på Gjernes skule i nokon grad.

Når ein skal utarbeida ein arbeidsplan, bør ein ha i tankane nokre moment som kort kan oppsummerst slik:

→ arbeidet bør veksla mellom individuelt arbeid og arbeid i fellesskap.

→ planen må innehalde høve til val. Elevane må få trening i å bli sjølvstendige gjennom å gjera val.

→ elevane må få trening i ansvar for å fullføra ei oppgåva, og trening i å disponera tida si.

→ planen bør gje rom for veksling av arbeidsoppgåver. Eleven bør kunna skifta aktivitet utan å gå vegen om læraren. Læraren vil då få frigjort tid til rettleiing av den enkelte elev.

→ planen skal hjelpa lærar/elev til å skaffa seg oversikt over stoff og arbeidsoppgåver som skal utførast.

→ etter at planen er gjennomført, bør elevane vera med å oppsummera og vurdera arbeidsinnsatsen sin.

→ planen må vera slik at behovet for fellesskapsopplevingar, munnleg aktivitet, gruppearbeid og samarbeidslæring ikkje vert skadelidande. Dette kan skje dersom planen får ei for ein-sidedig individuell tilrettelegging.

→ læringsmåla bør vera konkretisert i arbeidsplanane. Slik kan elevane verta kjende med kva faglege forventningar lærarane har til dei, og kva dei vert vurdert etter.

Arbeidsplanar synest spesielt godt eigna for fådelte skular fordi læraren bruker mindre tid til formidling og meir tid til individuell rettleiing. Når to eller fleire årskull er i same klasserom, kan læraren hjelpa og rettleia dei elevane som treng det utan å tenkja på kva klassesteg dei tilhøyrrer. Planlegging og organisering av undervisninga

tek meir tid før elevane byrjar med arbeidsplanen, men mindre tid framfor kvar time når arbeidsplanen først er laga. (Kristoffer Melheim: Integrrert dag i fådelte skular)



Hardanger / Voss kompetanseregion

Vurderingsgruppa

Observasjon i klassane på Gjernes skule syner at skulen er på rett veg i dette arbeidet.

Elevane ynskjer i tillegg å ha årsplanane synleg i klasserommet.

- **Prosjektarbeidsmetoden**

Elevane er usikre på kva som er skilnaden på temaarbeid og prosjektarbeid. Dei kan fortelja om fleire temaarbeid dei har hatt, men veit ikkje kva som kjenneteiknar eit prosjektarbeid.

I prosjektarbeid som metode er elevane si læring i fokus, ikkje læraren si undervisning. Prosjektarbeid er problemorientert og elevstyrt, og har gode problemstillingar eller spørsmål som kjenneteikn. Metoden er også samarbeidsorientert, og ein kan nytta ulike arbeidsmåtar innafor metodikken. I tillegg er bruk av kjelder sentralt. Prosjektarbeid skal også medverka til at elevane lærer å vurdere kvaliteten på eige og andre sitt arbeid.

Me tilrår skulen å leggja større vekt på denne arbeidsforma, særleg blant dei eldste elevane. Dei treng erfaring i denne arbeidsmåten før dei skal på ungdomsskulen. I 10. klasse skal alle elevane gjennomføra ei avsluttande prosjektoppgåve, som skal først på vitnemålet.

- **Tilpassa opplæring**

Opplæringslova slår fast at alle elevar har rett til tilpassa opplæring. Både i forhold til sterke og svake elevar. Dette er ei utfordring som stadig må arbeidast med. For Gjernes skule vil det såleis vera ei utfordring på fleire nivå, i høve tilpassing ut frå trinn og i høve enkeltelevar. Slik vi ser det er det mykje som ligg til rette for å få til ei betre tilpassing i høve enkeltelevar. M.a. gode rutinar for bruk av arbeidsplanar, gode pedagogiske programvarer på data og ikkje minst mykje godt materiale som er utarbeidd av lærarar ved skulen. Dei ovanfor nemnde hjelpemidla er allereie godt tilgjengelege i klasseromma.

Dagens læreplan (L –97) kan i arbeidet med å tilpassa opplæringa for kvar enkelt elev tolkast som eit "hinder" for å imøtekoma kravet. Då det stadig vil vere eit "press"/"krav" til læraren på kva elevane skal bli kjent med eller læra.

Det kan vere vanskeleg for einskildlærarar å "velja" vekk etter skjønn, då læreplanen er vårt styringsinstrument. Dette ansvaret bør skulen ta som organisasjon og ansvaret bør ikkje kvila på den enkelte lærar.

Kravet om dokumentasjon er i så måte ivaretatt når det gjeld elevar med behov for spesialundervisning. For dei andre elevane kan mappevurdering vera eit reiskap for dokumentasjon (jf. Kvalitetsutvalet si instilling).



Hardanger / Voss kompetanseregion ***Vurderingsgruppa***

Eit anna moment ved mappevurdering er kravet om elevvurdering samt elevens eigen refleksjon over arbeidet.

Ei hjelp i arbeidet kan vera å systematisera skulen sitt kartleggingsverktøy og igjen bruka dette for å kartlegga kor elevane har trong for ekstra oppfølging.

Tilpassa opplæring er eit av dei områda vi meiner skulen kan vidareutvikla.

- **Avklare skulen sine forventningar til heimen**

Foreldra gav uttrykk for at dei var godt nøgd med samarbeidet med skulen. Dei omtalte seg sjølv som "kaffikokarar" i positiv forstand. Dette tolka dei som eit signal på at skulen og var nøgd med samarbeidet.

Derimot opplevde vi at fleire av lærarane på skulen kunne ynskja at klassekontaktane/foreldra var meir aktive i forhold til å gjera ting saman med klassen. (t.d. overnattingsturar, elev/foreldre arrangement).

Andre skulle ynskja det var meir interesse for temakveldar, der ein kunne drøfta problemstillingar som gjeld oppseding generelt. Vi meiner det er ein positivisme og velvilje frå begge partar til å lykkast i dette. Utfordringa blir å avklare forventningar til heimen om kva ein ynskjer dei skal bidra med utover det ordinære samarbeidet kring enkeltelevar. Som ein lærar sa det så godt: "det kan jo tenkjast at foreldra er usikker på om ting let seg gjera, om det er ynskjeleg osb."

Ei anna utfordring vil vere å arrangere aktuelle temamøte. Dette kan vere ei utfordring for klassekontaktane /FAU?

Vi viser elles til skulen sin plan for skul/heim samarbeid.



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

11 VIDARE ARBEID ETTER MARS 2004

Utviklingsområde	Idear
Skulen må vidareutvikla arbeidsplanane sine, og ta elevane meir aktivt med i læringsprosessen.	Sjå momentliste i utdjupinga. Visar og til artikkel av Kristoffer Melheim – Skoleplassen. Er det ein ide at skulen har felles mal for arbeidsplanane/vekeplanane?
Avklara skulen sine forventningar til heimen.	Arrangera klasseforeldremøte, der ein bringer temaet på banen, jf. skulen sin plan over ansvarsfordeling – samarbeid skule/heim.
Skulen må arbeida meir systematisk med metoden prosjektarbeid.	Sikra seg at alle lærarane har nok kunnskap om prosjektarbeid. Laga ein plan for arbeid med prosjekt på dei ulike trinna.
Skulen kan arbeida meir med å oppfylle kravet om at alle skal ha tilpassa opplæring.	Laga ein oversikt over det materiellet som skulen har. Systematisk bruk av kartleggingsmateriell. T.d Rådgjevaren, Grieg Multimedia (kartleggingsprogram innan norsk og matematikk i grunnskulen - på data) Dette programmet gjev forslag til tiltak. Innføring av mappevurdering. Tips til litteratur: Karakter – meir enn karakterar, Læringscenteret.
	Elevar og foreldre gav uttrykk for at skulen kunne ha meir gym / fysisk aktivitet. Skulen kunne kanskje organisera ei økt fysisk aktivitet kvar dag? Ein mogleg kontakt kan vera Tyssedal barneskole.

6 månader etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Voss den 11. mars 2004.

Rigmor Hanssen

Willy Solberg

Vurderingsgruppa i Hardanger / Voss



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VEDLEGG 1

UTBYTTE / NYTTE AV LEKSE / ARBEIDSPLANAR
GJERNES SKULE
PÅSTANDSSKJEMA FOR ELEVAR

Eg går i 3.-4. kl.

Eg går i 5.-6.. kl.

Eg går i 7. kl.

(Set eitt kryss for kvar påstand)

		Heilt einig	Litt einig	Litt ueinig	Heilt ueinig
1	Eg trivst på skulen.				
2	Eg er interessert i å læra på skulen.				
3	Eg lærer meir når eg får arbeida sjølvstendig (arbeidsplan), enn ved tavleundervisning.				
4	Oppgåvene på arbeidsplanen er varierte (ikkje berre lesa og skriva).				
5	På arbeidsplanen får eg oppgåver som er passe vanskelege for meg.				
6	Eg kan bruka hjelpemiddel som data og oppslagsverk, dersom eg treng det.				
7	Oppgåvene på arbeidsplanen er lette å forstå.				
8	På skulen vår arbeider vi med tema- og prosjektarbeid.				
9	I løpet av ein skuledag arbeider vi på ulike måtar.				
10	Eg er med på konferansetimen.				
11	Eg har elevsamtale med læraren min.				

(Fleire påstandar på baksida av arket.)



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

		Heilt einig	Litt einig	Litt ueinig	Heilt ueinig
12	Eg er mest opptatt av å få gjort arbeidet på planen, å læra noko er ikkje så viktig.				
13	Eg er vorte flinkare til å ta ansvar for eiga læring.				
14	Eg får den hjelpa eg treng på skulen.				
15	Lærarane er flinke til å gje meg tilbakemelding på arbeidet mitt.				
16	I arbeidsøktene er det arbeidsro.				
17	Eg kan velja om eg vil samarbeida eller arbeida åleine.				
18	Eg har passeleg med lekser heime.				

Noko anna du har lyst til å fortelja?

Takk for hjelpa !



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VEDLEGG 2

Tilsette.

"Utbytte / nytte av lekse-/arbeidsplanar".

Gjernes skule – mars 2004.

	PÅSTAND :	Heilt einig	Litt einig	Litt ueinig	Heilt ueinig
1	Elevane er positive til skulen og skulearbeidet				
2	Det er arbeidsro i klassane				
3	Mobbing er eit drøftingstema gjennom skuleåret				
4	Arbeidsplanane legg opp til varierte arbeidsmåtar				
5	Elevane har ulike arbeidsplanar				
6	Lærarane samarbeider om innhaldet i planane				
7	Det er tydelege læringsmål på arbeidsplanane				
8	Eg gjennomfører tema- og prosjektarbeid				
9	Elevane får høve til å påvirka innhald og arbeidsmåtar				
10	Elevane er med på å vurdera seg sjølv og sitt arbeid				
11	Elevane tek ansvar for eiga læring				
11	Eg gjennomfører førebudde elevsamtalar				
12	Elevane er med på konferansetimane				
13	Elevar med særskilt behov får nødvendig hjelp				
14	Eg rettleiar kvar elev og gjev tilbakemeldingar undervegs				
15	Elevane møter faglege utfordringar				
16	Elevane har det dei treng av materiell og utstyr				
17	Foreldra får god informasjon frå skulen				
18	Skulen får god tilbakemelding frå foreldra				
19	Foreldra ser på arbeidsplanane som nyttige				

Anna viktig du vil fortelja :



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VEDLEGG 3

<p>Møte med klassekontaktane og FAU Gjernes skule – måndag 8. mars 2004, kl. 19.00.</p>

1. **Velkomen ved rektor.**
2. **Innleiing**
 - presentasjon
 - fokusområde skulen har valt
 - rapporten
3. **Korleis vurderer vi?**
4. **Punkt til vidare drøfting (20 min i grupper)**
 - Har de som foreldre inntrykk av at elevane trivst og er trygge på Gjernes skule?
 - Korleis vert det jobba med temaet trivsel og mobbing på skulen?
 - Kva utbytte har de som foreldre av desse formene for samarbeid med skulen?
 - Foreldremøte. Er det klima for å ta opp saker på desse møta?
 - Konferansetimar. Er elevane med? Motiverer denne til auka interesse for skulearbeidet?
 - Kva rolle spelar klassekontaktane/FAU?
 - Kva meiner de om elevane sine arbeidsplanar?
 - får de nok informasjon gjennom desse planane til å fylgja med i elevane sitt skulearbeid?
 - legg planane opp til varierte arbeidsmåtar?
 - er det viktigare å få gjort unna arbeidet på planen, enn å læra noko?
 - Elevar med spesielle behov får det tilbodet dei har krav på?
 - Elevane tek ansvar for eiga læring?
 - Noko anna de har lyst til å ta opp/diskutera?
5. **Framlegg i plenum.**
6. **Oppsummering.**

Rigmor S. Hanssen

Willy Solberg



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa